

Kartverket Bergen

Dykkar ref.

Vår ref.
20/635-7/KES

Dato
20. januar 2021

Eit stadnamn på garden Haugland. Tilrådd skrivemåte.

Me syner til eit brev som me har skrive til Kartverket i dag om namnet på eit nes på garden Manger i Alver kommune, eit namn som òg er nytta som namn på bruk 7 på den garden. Med tilvising til det som står i det brevet, rår me til at eit likelydande naturnamn på Haugland, gnr. 425 i same kommunen, blir skrive **Selfallet**, i tråd med den nedarva lokale uttalen. Til liks med det nemnde namnet på Manger er stadnamnet på gnr. 425 skrive *Seilfallet* på ØK. Namnet på Haugland er knytt til ei li som ligg ein dryg kilometer frå det næraste sjøområdet, det vil seia inste delen av Austrevågen på Bø. Førelekkjen i stadnamnet på Haugland kan ikkje ha noko med ordet *segl* / *seil* (n.) å gjera.

Med helsing frå

Gunnstein Akselberg
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
seksjonssjef

Kjell Erik Steinbru
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:

Kartverket Bergen

Kopi til:

Alver kommune